



KINN KOMMUNE

M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 21. Februar 2020
STAD: Rådhuset Måløy, Einevarden
TID: 13.00 –15.35

DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet:

Bjørn Hollevik, leiar.
Nils Myklebust, nestleiar.
Hanne Husebø Kristensen, medlem.
Kjell Heggen, medlem.

Vara:

Rune Nilsen. Fast møtande med talerett.

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Vestland revisjon:

Terje Førde, dagleg leiar/revisjonssjef.

Kinn kommune:

Terje Heggheim, rådmann
Rolf Bjarne Sundt, kommunalsjef samfunn, kultur og miljø.

Forfall:

Bente Frøyen Steindal.

Møtet var leia av:

Bjørn Hollevik.

SAKLISTE

- SAK 19/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 20/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 21/20 SKRIV OG MELDINGAR
- SAK 22/20 AVKLARING FOR KINN KOMMUNE SITT BUDSJETT 2020 – ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN
- SAK 23/20 ARBEIDSGRUPPER OPPNEMND AV FELLESNEMNDA – ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN
- SAK 24/20 VAL TIL KONTROLLUTVALET
- SAK 25/20 RESSURSBRUKEN TIL SAMANSLÅINGSPROSESSEN – ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN
- SAK 26/20 ABONNEMENT PÅ BLADET KOMMUNAL RAPPORT
- SAK 27/20 EVENTUELT: Fylling i sjøen ved Nygårdstangen i Kinn kommune - orientering

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/20	033	11.02.2020	21.02.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Leiar ville under Eventuelt, sak 27, ta opp notat om Utfylling i sjø ved Nygårdstangen i Kinn kommune. Utvalet også ta spesielt opp VAR området i sak 22 Avklaring for Kinn kommune sitt budsjett 2020.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Hanne Husebø Kristensen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/20	049	11.02.2020	21.02.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 20.01.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 20.01.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/20	033/17	14.02.2020	21.02.2020	JS

SKRIV OG MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

Oppsummering etter munnleg tilbakemelding frå kommuneadministrasjonen v/Linda Larsen etter orienteringa i møte 20.01.2020 sak 09/20.

Godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune

Saksopplysningar

Viser til vedlegga.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/20	151&86	14.02.2020	21.02.2020	JS

AVKLARING FOR KINN KOMMUNE SITT BUDSJETT 2020 – ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende.
2. Kontrollutvalet vil etter kommunestyremøte den 03.03.2020 ta stilling til om det er grunnlag for å gjennomføre tiltak.

I møtet

Rådmann Terje Heggeheim og kommunalsjef for samfunn, kultur og miljø Rolf Bjarne Sund orienterte og svarte på spørsmål, då spesielt i høve til stilte spørsmål og den skriftlege tilbakemeldinga rådmannen sende over 18.02.2020.

Budsjettet generelt:

Rådmannen meinte at det ikkje har vore ein ideell budsjettsituasjon. Den vil bli langt betre frå neste år av.

Leiaren presiserte at alt bør leggjast skriftleg fram i møta før avstemming.

Rådmannen opplyste at nødvendige dokument er sendt over til Fylkesmannen og han har gitt melding til at han oppfattar budsjettet som om det er i balanse og at investeringsbudsjettet er med.

Møteboka kjem opp til behandling i første kommunestyremøte.

Slik investeringsbudsjettet sto fram var det umulig å finne ut kva prosjekt som ikkje var prioritert - teke ut av budsjettet. Slikt bør kome fram i budsjettversjonen.

Ut over dette vert det vist til den skriftlege tilbakemeldinga av 18.02.2020 frå rådmannen.

Vatn og avløp spesielt:

Rådmannen har gjort kjent i spørsmål 6 at han informerte formannskapet i siste møte at det var feil i festsetjinga av gebyr vatn og avløp.

Notat frå advokat Kvammen på spørsmål frå nestleiar Nils Myklebust og sekretariatet av 21.02.2020 vart delt ut. Sjå vedlegg 3.

Rådmannen og kommunalsjefen gjorde ei grundig orientering. Her kan vere ei feilberekning på 10 -12 mill. Dei vil sjekke ut kva som har gått gale, kven har ansvaret for feilen og kva som vert gjort for å rette opp. Kommunestyret og kontrollutvalet vil verte orientert.

Vedlegg:

1. Notat frå rådmannen til kontrollutvalet vedkomande svar på spørsmåla frå kontrollutvalet, datert 18.02.2020.
2. E-post frå nestleiar Nils Myklebust dat. 18.02.2020 til leiar og sekretariatet i kontrollutvalet, låg føre i møtet.
3. Notat/betraktning frå advokat Kvammen av 21.02.2020 på Nils Myklebust sitt spørsmål. Låg føre i møtet.
4. Spørsmål til rådmannen i møtet 21.02.2020 ang. VAR Problematikken av nestleiar Nils Myklebust.

Saksopplysningar

Det vart i samråd med leiaren i kontrollutvalet sendt flg. til rådmannen vedkomande budsjett 2020 for Kinn kommune:

«Det har kome fram at møteprotokollen frå møtet i kommunestyret den 11.12.2019 ikkje vart godkjent i møtet den 22.01.2020, då det vart reist tvil om budsjettbehandlinga, sak 75/19.

I den samanheng ynskjer ein svar på flg.:

- Kva var uklart eller mangla med det framlagde budsjettet i møtet 11.12.19?
- Var utsendt møteprotokoll frå møtet 11.12.2019 til godkjenning i møtet 22.01.20 feil? og når vart du klar over det?
- Når vart du kjent med at det var feil i det budsjettet som du la fram til politisk behandling i møte 11.12.19, sak 75/19?
- Var det endringar på budsjettet i møtet som gjorde vedtaket uklart eller?
- Det er opplyst at investeringsbudsjettet ikkje vart med i det budsjettet som vart vedteke i sak 75/19 – stemmer det? I så fall har vel ikkje kommunen eit investeringsbudsjett?
 - Er det sett i gang investeringsprosjekt utan formelt godkjent budsjett og i tilfelle kva prosjekt?
- Er det noko anna ting som har falle ut av budsjettet og i tilfelle når vil dette kome på plass og vedteke?
- Kva budsjett vart sendt til Fylkesmannen etter møtet den 11.12.19 og kva budsjett vart sendt etter møtet den 22.01.2020. Kva tiltak er sett i vert for å få retta opp og formelt godkjent eit budsjett for 2020?
- Har ansvarlege tilsette i kommunen fått nok opplæring i nytt økonomisystem?
- Har politikarane fått kunnskap (for eksempel i folkevald opplæring) til å kunne forstå det kommunale budsjettssystemet? Vil meir opplæring bli gitt framover?
- Andre tilhøve vedkomande budsjettet/budsjettprosessen du ynskjer å ta fram.»

Det vart bede om skriftleg tilbakemelding innan 17.02.2020. Denne vil vi bli ettersendt. Sjå vedlegg 1.

Rådmannen var kalla inn til møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/20	047	14.02.2020	21.02.2020	JS

AREIDSGRUPPER OPPNEMND AV FELLESNEMNDA – ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret formelt vel arbeidsgruppe for val av ordførarkjede. Kontrollutvalet rår til at kommunestyret gjev mandat og budsjett for dette arbeidet.

I møtet

Rådmannen sende ut orientering 18.02.2020 som vart vidaresendt medlemene i kontrollutvalet.

Rådmannen tok fram det som sto i orienteringa i møtet.

Det vert vist til vedtak i Fellesnemnda, sak 062/19 (av 11.06.2019) og 087/19 (av 04.09.2019), som vart delt ut.

Oppsummert:

Arbeidsgruppa for identitet, kultur og symbol held fram med arbeidet sitt, då dei ikkje hadde avslutta det mandatet dei hadde. Fellesnemnda stadfesta dette, men kommunestyret har ikkje handsama saka spesielt. Drøfta i siste kommunestyre ved at leiaren Jacob Nødseth orienterte om arbeidet.

Nemnda har ikkje eige budsjett i høve arbeidet, men får møtegodtgjersle og dekning av reiser.

Det gruppa kjem fram til og vil tilrå er ikkje budsjettert for, så det må eiga sak til i kommunestyret for finansiering.

Vedlegg

Tilbakemeldinga frå rådmannen med vedlegg datert 18.02.2020 vart ettersendt og lagt ved saka vidare.

Vedtaka i Fellesnemnda av 11.06. og 04.09.2019 vart delt ut i møtet og følger saka vidare.

Saksopplysningar

Det vart i samråd med leiaren i kontrollutvalet sendt flg. til rådmannen vedkomande arbeidsgrupper oppnemnd frå Fellesnemnda:

«Kan arbeidsgrupper oppnemnt av Fellesnemnda fortsetje sitt arbeid etter at kommunestyret har konstituert seg?

Gjennom media har det kome fram at Arbeidsgruppa for identitet, kultur og symbol jobbar med ordførarkjede og fest for å markere nye Kinn kommune.

- Har arbeidsgruppa mandat og budsjett vedteke av kommunestyret i Kinn?

Er det andre arbeidsgrupper oppnemnd av Fellesnemnda som er aktivitet?»

Det vart bede om skriftleg tilbakemelding innan 17.02.2020. Denne vil vi bli ettersendt.

Rådmannen var kalla inn til møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/20	042	14.02.2020	21.02.2020	JS

VAL TIL KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber leiar og sekretariat å summere opp og sende saka over til kommunestyret v/ordførar for vidare behandling på første kommunestyremøte.

Konklusjon er at Kommunestyret må velje ny vara for Solveig Willis til kontrollutvalet.

Vedlegg

1. Brev til medlemer og vara til kontrollutvalet dat. 23.01.2020.
2. Notat frå advokat Kjetil Kvammen vedkomande valbarheit av 10.02.2020.
3. Tilbakemeldingar frå medlemer og vara.

Saksopplysningar

Det har kome fram opplysningar, jf. møte i kontrollutvalet den 20.01.2020 om at det kan vere noko feil vedkomande val av medlemmer/vara i kontrollutvalet.

Det var difor sendt ut brev til medlemmer og var for å få meir informasjon.

Det er viktig at ingen kan stille tvil om utvalet sin habilitet.

Oppsummeringa frå tilbakemeldingane er slik:

Bjørn Hollevik: Varamedlem til styret i Aksello. Har gitt melding om han ikkje kan ha dette vervet. I møtet orienterte og Hollevik at han er styremedlem i Sogn og Fjordane Holding AS. Dette vervet har han og sagt frå seg. Bjørn vil vere i kontrollutvalet.

Nils Myklebust: Varamedlem til Måløy Vekst. Har sendt melding om han ikkje kan ha dette vervet. Nils vil vere i kontrollutvalet.

Nils nemner ein del selskap han har vore i (generalforsamlingar, valnemnd).

Dei verva og selskapa han nemner gjer han neppe inhabil som kontrollutvalsmedlem.

Det kan vere at habilitetsspørsmålet vert reist i enkeltsaker.

Hanne Husebø Kristensen : Hanne orienterte i møtet at ho er vara til styre i Sunnfjord medisinske senter. Dette vervet vil ho seie frå seg.

Bente Frøyen Steindal: Styremedlem i Botnaneset Industriselskap AS. Ho er usikker på om ho vil vere i kontrollutvalet eller i styret i Botnaneset Industriselskap AS. Ho vil ta avgjer etter generalforsamlinga i selskapet 24.04.20 og kjem då med tilbakemelding. Inntil alt er på plass melder ho forfall til møta i kontrollutvalet.

Kjell Heggen: Varamedlem i Vågsøy Parkering. Har gitt melding til selskapet om å rekke seg. Kjell vil vere i kontrollutvalet.

Rune Nilsen: Opplyste i møtet at han ikkje er medlem eller vara til nokon av dei organa som det er spurt om.

Bjarne Holme: Han har ingen andre verv enn vara til kontrollutvalet.

Stein Malkenes: Ikkje medlem eller vara til nokon av dei organa som det er spurt om.

Hilde Kvamsås Aa: Ingen andre verv enn kontrollutvalet. Tilsett i fylkeskommunen har ingen betydning.

Aud Norunn Vig: Ingen andre verv enn kontrollutvalet.

Olaug Tennebø: Ingen tilbakemelding.

Solveig Willis: Ho er styremedlem i Aksello og vara til Florø hamn. Ho ynskjer å ha desse verva og det må veljast ny vara i kontrollutvalet.

Kven kan vere medlemmer/ikkje medlemmer i kontrollutvalet:

«§ 23-1.Kontrollutvalget

Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren. Utvalget skal ha minst fem medlemmer. Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Utelukket fra valg er

- a) ordfører og varaordfører
- b) medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
- c) medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
- d) medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
- e) medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
- f) ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
- g) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- h) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefellesskap.

Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst velge medlemmer til utvalget på nytt. Hvis ett eller flere medlemmer av utvalget skal skiftes ut, skal alle medlemmene velges på nytt.»

Oppsummering:

Det ser ikkje ut til at nokon medlem eller vara har tilsetjingsforhold i kommunen.

Ut frå det som kjem fram må det veljast ny vara for Solveig Willis.

Dei andre som har kome med tilbakemelding ynskjer å fortsette som medlemmer og vara i kontrollutvalet. Det må då sørgast for at andre personar vert valde til styreverv/vara i selskapa som kontrollutvalsmedlemmer og vara ikkje kan sitje i.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/20	047	14.02.2020	21.02.2020	JS

RESSURSBRUKEN TIL SAMANSLÅINGSPROSESSEN

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek den skriftlege og munnlege orienteringa frå rådmannen til vitende.
2. Kontrollutvalet meiner at heimelen for ressursbruken på 2. mill. til bruk for fellesnemnda i 2020 er dokumentert, og at rådmannen ikkje har gjort noko her han ikkje har dekning for.
3. Kontrollutvalet vil vente på den totale rekneskapen for fellesnemnda sitt arbeid før det vert teke standpunkt til evt. undersøkingar.

I møtet

Rådmannen la fram prosjektrekneskap for 2018, sjå vedlegg, og orienterte om bruken av midlar i 2019. Totaloversikta vil kome fram når prosjektrekneskapen for alle åra ligg føre og kjem til behandling.

Rådmannen gjorde greie for at bruken i 17, 18 og 19 var heimla med vedtak i fellesnemnda

Saksopplysningar

Denne saka har fått stor merksemd i media. Ordføraren har i media uttala at det er naturleg at kontrollutvalet ser på denne saka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/20	047	14.02.2020	21.02.2020	JS

ABONNEMENT PÅ BLADET KOMMUNAL RAPPORT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber om at det vert ordna med elektronisk abonnement tilknyta kommunen sin avtale for kontrollutvalet sine medlemmer og 1 vara.

I møtet

Leiaren meinte at det var viktig at kontrollutvalet har abonnement. Bladet gir viktig informasjon og gir gode opplysningar om aktuelle kontrollområde.

Vedlegg

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i møte 20.01.2020 vedtak om å abonnere på Kommunal rapport til medlemmer og 1. vara.

Kostnaden til dette vil kome på over kr 20.000,- og må i tilfelle gå av utvalet sitt budsjett.

Når det gjeld abonnement på dette bladet får eg opplyst frå kommuneadministrasjonen v/ Linda Larsen at det grunna økonomien i kommunen er betydeleg innskjerping på abonnement til politikarane. Linda vil gjere nærare undersøking og kome med tilbakemelding før møtet i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet bør, ut frå kostnadane, gjere ny vurdering for abonnementet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/20	047	21.02.2020	21.02.2020	JS

EVENTUELT: Fylling i sjøen ved Nygårdstangen i Kinn kommune – orientering

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet registrerer at rådmannen vil ta saka opp i første kommunestyremøte.

Ut frå det tek utvalet orienteringa i dag til vitende.

I møtet/saksopplysningar

Rådmannen melde inn denne saka så snart han fekk tilbakemelding frå Fylkesmannen, som vart delt ut på møtet. Sjå vedlegg, brev frå Fylkesmannen til Kinn kommune datert 17.02.2020.

I brevet datert 17.02.2020 er særleg flg. teke fram:

«Fylkesmannen avslår søknad frå Vågsøy kommune, no Kinn kommune, om løyve etter forureiningslova for utfylling av sprengstein i sjøen ved Nygårdstangen. Heimel for avslag er gjeve i forureiningslova § 11 fjerde ledd.

Tiltaket er igangsett utan godkjenning etter plan- og bygningslova og utan løyve etter forureiningslova. Fylkesmannen legg til grunn a Kinn kommune følgjer opp saka etter reglane i plan- og bygningslova om handtering av ulovlege tiltak. Fylkesmannen varslar pålegg om opplysningar og undersøkingar med heimel i forureiningslova §§ 49 og 51.»

Ut over dette vert det vist til brevet.

Rådmann Heggheim og kommunalsjef Sund orienterte og svara på spørsmål.

Dei presiserer at det i framtida vil bli endring i saksbehandlinga når det gjeld kommunen sine egne tiltak.

Møtet slutt.

Bjørn Hollevik.
Leiar

Hanne Husebø Kristensen
Medlem

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret i Kinn**
Kommunerevisjonen Vestland revisjon
Rådmann til orientering
Ordførar til orientering